

Wattn inngår samarbeidsavtale med Bravida Ålesund

Det nye straumselskapet Wattn utvidar med nye tenester, og har inngått eit strategisk samarbeid med Bravida Ålesund. Avtalen inneber at Wattn kan bruke Bravida til installasjon av den marknadsleiande elbil-ladaren Zaptec, og andre straumsparende tiltak i heimen, til alle straumkundar i Ålesund og omland.

- *Det er veldig kjekt å kunne utvide tilbodet vårt lokalt i Ålesund. Vi er inne i ein elbilrevolusjon, og vi ser at det er viktig for kundane våre å få ein sytalaus installasjon av elbil-ladar, utan at overraskande kostnader for elektrikar kjem i tillegg. Vi teikna avtale med Zaptec allereie i haust, og no kan vi tilby ein ferdig forhandla pris som inkluderer installasjon, seier leiar for produkt og tenesteutvikling i Wattn, Christian Aasebø*

Smart teknologi gir smart straumforbruk

Ladaren støttar «smart lading»-konseptet frå Wattn, og vil derfor alltid lade bilen når straumen er billegast. Smarte Zaptec Go vert kopla opp via internett, og veit marknadsprisen i området ditt til ei kvar tid. Du vel når bilen skal vere ferdiglada kvar morgon, så ordnar ladaren resten. «Smart lading»-konseptet til Wattn har hatt stor suksess sidan lansering. Her kan ein kople seg direkte til elbilen også, og lese av batteristatus og optimalisere ladinga basert på resterande ladetid på bilen.

- *«Tala våre viser at alle kundar sparar pengar på smart lading. Straumprisen varierer stort over døgnet og kan nokre dagar vere billigast på ettermiddag og ikkje nødvendigvis på natta. Vår «smart lading» gir deg sytalaus og billig lading til ei kvar tid», seier Christian Aasebø.*

Ladepark og smart straumstyring

I tillegg vil Wattn sine elektrikarar gjennom Bravida Ålesund kunne bistå med endå fleire smarte tenester. Avtalen med Bravida omfattar også prosjektering av større ladeanlegg for bedrifter, sameige og burettslag. Avtalen har også ein opsjon på installasjon av smart styring i heimen, som eksempelvis termostatar til golvvarme, varmtvasstankar, varmepumper og andre smarte styringsprodukt til heimen.

- *«Vi er veldig glade for å ha fått på plass ein avtale med ein spennande aktør som Wattn, som har stor kunnskap på det dei driv med. Vi har mange felles kundar i Ålesunds-området, og vi ser fram til at våre serviceinnstilte elektrikarar kan hjelpe Wattn-kundar med å spare straumkostnader med ein kvalitetsladar», seier serviceleder Thor Håkon Skalstad Strand.*

Enova-støtte

Elbil-ladaren frå Zaptec er godkjend som ein smart styringseining og saman med andre tiltak, kan ein ha krav på støtte frå Enova om den er montert av ein sertifisert elektrikar. Ved styring av minimum to energikrevjande installasjonar som følger marknadsprisen, og der forbruket kan flyttast, kan Enova gi inntil 10 000 kroner i støtte. Ved montering av ein smart varmtvasstank, kan du også ha rett på inntil 5 000 kroner i støtte. Støtteordninga skal bidra til at fleire kan jamne ut straumforbruket sitt, og unngå unødig belastning på straumnettet.

- *«Vi i Wattn har eit stort fokus på smart, berekraftig forbruk, og gjennom denne avtalen med Bravida ser vi fram til at vi kan gi kundane våre kvalitetsleveransar med smart teknologi. Vi håpar at kundane våre skal bli meir bevisste over eige straumforbruk, og forstå korleis dei kan gjere verdifulle og straumsparende tiltak i ei tid med store variasjonar i straumprisen», avsluttar Aasebø.*

Vedlegg:

Om Wattn

Det nye straumselskapet Wattn er skapt av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa og Sognekraft. Gjennom oppkjøp har Stryn Energi og Vestlandsenergi også blitt ein del av Wattn. Wattn er eit straumselskap med framtidsretta produkt og tenester som fokuserer på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ynskjer vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnadar og forbruk. Wattn har over 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn og Kvinnherad, og vil fortsette med å vere like lokale som tidlegare, berre med eit endå større kompetanseteam.

Wattn er eigd av TAFJORD (36,7 %), SFE (26,5 %), Tussa (21,9 %) og Sognekraft (14,9 %). Det er selskapa som driv med rådgjeving og sal av straum i dei konserna som har slått seg saman. Dei resterande selskapa i dei fire konserna er ikkje omfatta av samarbeidet og vil halde fram som før.

Om Bravida

Bravida er eit stort selskap med lokalt tilhøyre over heile Norden. Dei jobbar som eitt selskap – med same arbeidsmetodar, kultur og strategiar på tvers av Norden. Saman skapar dei den beste kundeopplevinga i marknaden. Avdelinga i Ålesund leverer store og små serviceoppdrag til både privat næringsliv, privatkundar og offentlege kundar i Ålesund og omegn. Avdelinga har også ei automasjonsgruppe som leverer til både prosjekt og serviceoppdrag.

Bravida Norge AS er ein del av det svenske konsernet Bravida som driv verksemd i Sverige, Noreg, Danmark og Finland.

Les meir om støtteordningane her:

<https://www.enova.no/privat/alle-energitiltak/smart-stromstyring/>
<https://www.enova.no/privat/alle-energitiltak/smart-varmtvannsbereder/>

Kontaktinformasjon:

Christian Aasebø, Leiar for produkt- og tenesteutvikling, Wattn AS

Telefon: 900 14 000

Epost: christian.aasebo@wattn.no

Thor Håkon Skalstad Strand

Serviceleiar

Telefon: 977 71 824

E-post: thor.strand@bravida.no